

Sakshandsamar:
 Idar Sagen
 E-post: idar.sagen@sfj.no
 Tlf.: 41530964
Vår ref.
 Sak nr.: 15/4035-4
 Gje alltid opp vår ref. ved kontakt
Internt l.nr.

21935/15

Dykkar ref.**Dato**

LEIKANGER, 15.06.2015

Vedlegg til sak:
Høringsuttale til søknader om løyve til å bygge fire småkraftverk i Eid og Bremanger kommunar.

Saksutgreiing for Elde kraftverk i Bremanger kommunar.**1. Omtale av tiltaket.**

Eldeelva renn ut i Nordfjorden mellom Rugsund og Davik i Bremanger. Elva renn nordover gjennom Eldedalen forbi Eldesætra og Litlesætra før den svingar mot vest og utløpet ved Elde. På utbyggingstrekninga er det relativt jamnt fall nedover mot fjorden. Nedstrøms den planlagde kraftstasjonen deler elva seg i to og samlar seg igjen før utløpet i fjorden. Den nedre delen av elva er ei anadrom strekning og vandringshinderet ligg på kote 20. Om lag ved kote 15 ligg eit nedlagt klekkeri med inntakskum i elva. Elva er lite synleg på grunn av tett skog og fordi den delvis går i søkk i terrenget. Det er bygd stølsveg oppover langs elva til Eldesætra.


Søkjjar er Elde Kraft AS (sus), 6734 Rugsund. Selskapet er eit privat aksjeselskap som er eigd av grunneigarar som har fallrettar i prosjektet.

Elde kraftverk


Tilsig	
Nedbørsfelt , km ²	10,8
Middelvassføring ved inntaket, m ³ /sek	0,756
Alminneleg lågvassføring ved inntaket, liter/sek	38
Fem-persentil* sommar (mai-sept.), liter/sek	49
Fem-persentil* vinter, liter/sek	32
Kraftverk	
Inntak, kote	125
Avløp, kote	11
Lengde påvirka elvestrekning, km	1250
Brutto fallhøgde, meter	114
Slukeevne, maks m ³ /sek	1,15
Slukeevne, min m ³ /sek	0,05
Installert effekt, maks MW	1,2
Planlagt slepp av minstevassføring, sommar/vinter, liter/sek	35/35
Brukstid, timar	3550
Produksjon	
Årleg middel, GWh	4,1
Økonomi	
Utbyggingskostnad, mill. kr.	12,4
Utbyggingspris, kr/kWh	3,02

* Den vassføringa som blir underskriden 5 % av tida.

Utbygde kraftverk og nye prosjekt i området, jf. NVE-atlas



Eksisterende anlegg: Svart, gul tekst. Gitt løyve: Blå. Avslag: Blå med kryss (Bortneelva).
 Konesjonsbehandling: Raud (kartet viser fire søknader i Eid og Bremanger). Inntak rund prikk.
 Kraftstasjon raud trekant.



Elde kraftverk

Inntaket er planlagt 75-80 meter, 5 høgdemeter, frå Eldedalen naturreservat med tema: myr. Det er lagt til grunn at anlegget skal utformast slik at myrområdet ikkje vert påverka. Det er planlagt ein dam over elva med lengde 12 meter og største høgdde 2-3 meter. Det er planlagt eit Coanda- inntak (rister nedstrøms dammen) som har fordeler med tanke på å redusere fare for at fisk havnar i turbinrøret.

Frå inntaket skal driftsvatnet gå i nedgravde rør, ca. 1200 meter ned til kraftstasjonen. Over deler av strekninga må det sprengast grøft. Kraftstasjon med grunnflate 50-60 m² skal plasserast på kote 11 med avløp til kulpen ovanfor der elva deler seg i to. Stølsvegen skal brukast som

anleggs-veg og vil bli permanent tilkomstveg til anlegget. Det skal vidare byggast 150 meter midlertidig tilkomstveg frå stølsvegen og fram til inntaket og 100 meter permanent veg til kraftstasjonen. Kraftverket skal knytast til eksisterande 22 kV linje via ein 100 meter lang kabel i jord eller opphengt i stolpar.



Eksempel på inntak, større anlegg enn Eldeelva.

Ned mot det planlagde inntaket.

2. Verknader for miljø, naturressursar og samfunn (frå søknaden)

Hydrologi

Tilsiget frå restfeltet (frå inntaket og ned til kraftstasjonen) er berekna til 40 liter/sek i middel. Det er planlagt å sleppe ei minstevassføring på 35 liter/sek heile året. Dette er mindre enn 5-persentil sommar (49 liter/sek) og litt meir enn 5-persentil vinter (32 liter/sek). I eit middels vått år vil vassføringa ved inntaket vere større enn slukeevna i kraftverket i 32 dagar (overløp).

Vasstemperatur, isforhold og lokalklima. Grunnvatn, ras, flaum og erosjon.

Tiltaket vil ikkje ha nemnande konsekvensar.

Verknader på biologisk mangfald, Bioreg AS Rapport 2008:18, oppd. mars 2015, sitat side 6.

Naturverdiar. Innafor undersøkingområdet er det avgrensa og skildra ein naturtypelokalitet, nemleg ei naturbeitemark verdsett til *viktig*. Det er ikkje påvist raudlisteartar frå nokon artsgruppe innan influensområdet (med unntak av strandsnipe (NT) og mogleg kystskeimose (VU)). Dessutan er beitemarka vurdert å ha eit brukbart potensiale for slike artar. Samla verdi av utbyggingsområdet, inkludert den biologiske produksjonen i sjølve elva samt verdien av naturbeitemarka må vurderast som *middels*.

Omfang og verknad. Samla vil tiltaket gje *lite/middels negativt omfang* for påviste naturverdiar. Det er først og fremst den sterkt reduserte produksjonen av biomasse i sjølve elvestrengen som gjer utslag her. I tillegg vil ev gyteområde for sjøaure ovanfor stasjonsområdet bli påverka, og nedanfor stasjonsområdet ved start og stopp av kraftverket. Samla vert verknadene av det planlagde tiltaket vurdert å verta *lite negativ* for dei kartlagde naturverdiane i området - dette i følgje konsekvensvifta».

Landskap og inngrepsfrie naturområde. Sitat side 25 i søknaden.

På den berørte elvestrekninga har elva eit jamt bratt fall med stryk og småfossar og den er lite synleg. Redusert vassføring vil i perioder ha negativ verknad for landskapet, men med ei turbinslukeevne i kraftverket på 1150 l/s og utnyttingsgrad på ca 58 %, vil det i store deler av året være mykje vatn i elva. I tillegg er det planlagt slepping av minstevassføring lik alminnelig lågvassføring heile året. Gjennomføring av planane vil ikkje medføre tap av inngrepsfri natur (INON).

Kulturminne og kulturmiljø, sitat s. 27 i søknaden.

Det er ingen automatisk freda eller verneverdige kulturminne i planområdet. På garden Elde er det fleire bygningar eller rester etter bygningar som er registrert i SEFRAK; mellom anna våningshus, låve, smie og restar etter eldhus. Det at ein bygning er registrert i SEFRAK gjev den ikkje automatisk nokon vernestatus. Oppføring i registeret inneber heller ikkje i seg sjølv spesielle restriksjonar. Utbygginga vil ikkje røre ved nokon av desse registrerte verdiane.

Brukarinteressar/friluftsliv, sitat side 28 i søkn.

Området er mykje brukt av grunneigarane og lokalt busette til tradisjonelt friluftsliv som turgåing, bærplukking, jakt og fiske. Kraftstasjonen og inntaket vil delvis være skjult av terrenget og ikkje ligge

opent til for innsyn, men deler av elvestrekninga er open for innsyn. Minstevassføring og restvassføring vil i liten grad bidra til å oppretthalde det visuelle inntrykket av elva.

Samfunnsmessige verknader

Samla investering er kalkulert til 12,4 mill. kroner, av dette 0,2 mill. kroner til nett-tilknytning/kabel. Ein del av anleggsarbeidet vil kunne utførast av lokale entreprenørar. Energiproduksjonen vil gje inntekter til utbyggarane og samfunnet rundt. Utbyggingsprisen er berekna til 3,02 kr/kWh, som er under middels pris.

Sumverknader/samla belastning. Sitat side 30 i søkn.

Tema	Konsekvens	Verdi
Landskap	Ubetydeleg	Stor
Friluftsliv	Ubetydeleg	Stor
Naturens mangfald	Liten negativ	Middels

Tabellen ovanfor er søkjar sin vurdering ut frå kjennskap til området og kunnskap som har kome fram gjennom arbeidet med søknaden. Vurderinga gjeld samla belastning for området frå Rugsund til Nordfjordeid. For den delen av området som ligg på nordsida av Nordfjorden grensar området i vest og aust til verna vassdrag, høvesvis Rimstadvassdraget og Hornindals-vassdraget. I sør grensar det mot verneområde i Vingen og Ålfotbreen landskapsverneområde. Fjordlandskapet har nasjonal verdi, men det er område over tregrensa som er dei mest sårbare i forhold til eventuelle negative visuelle effektar frå vasskraftutbygging.

Avbøtande tiltak, sitat side 30.

Det vil bli slept minstevassføring minst tilsvarande alminneleg lågvassføring, - dette for å sikra ein viss produksjon og driv av botndyr i elva. Ein vil og vurdere bygging av tersklar for å betre gyttemoglegheitene for anadrom fisk i elva og også syte for at det renn vatn i begge elveløpa nedanfor den planlagde kraftstasjonen.

Andre stader i søknaden står det at planlagt minstevassføring er 35 liter/sek sommar og vinter. Alminneleg lågvassføring er berekna til 38 liter/sek. Om slepp av minstevassføring vert sett til 5-parsentil sommar og vinter, vil årsprodsonen gå ned med 0,1 GWh, til 4,0 GWh.

3. Fylkesrådmannen si vurdering av søknaden

Fordelane ved tiltaket er først og fremst av økonomisk karakter og knytt til ein energiproduksjon på 4,1 GWh/år. Kraftverket vil bidra til lokalt og regionalt næringsgrunnlag og skatteinntekter. Planlagt investering i tiltaket er 12,4 mill.kr. Av dette er 0,2 mill. kroner sett av til nett-tilknytning. Utbyggingsprisen er berekna til 3,02 kr/kWh, som er under middels pris. Ulempene vil vere knytt til skade og inngrep for m.a. landskap og brukarinteresser i samband med bygging av inntak, nedgravde rør i lausmasse og fjellgrøft, bygging av kraftstasjon og redusert vassføring i Eldeelva over ei 1250 meter lang strekning.

Vassforskrifta

Tiltaket bør ikkje svekke den økologiske statusen i vassførekosten til dårlegare enn god. Dersom tilstanden vert vurdert til dårlegare enn god, må vilkåra i § 12 i vassforskrifta følgjast opp.

Landskap, friluftsliv og turisme.

Elva ligg fjordlandskap, men her er ikkje fossar som er markerte som viktige landskapselement, jf. fylkeskommunen sin regionale plan. Redusert vassføring vil merkast lokalt, men vil ikkje få nemnande konsekvensar for eit større område.

Kulturminne frå nyare tid

Om det vert gitt løyve til utbygging, slik at kulturminne frå nyare tid, etter år 1537, vert direkte eller indirekte påverka, må tiltaket justerast på ein slik måte at kulturminna kan takast vare på. Det må ikkje gjerast skade på kulturlandskapselement som geiler, vegar, steingardar, bakkereiner, bygningar eller andre synelege spor etter tidlegare landbruksaktivitet. Gamle ræser og vegar er også kulturminne og viktige element i landskapet. For å få minst mogeleg synelege spor i landskapet og ei raskare revegetering, er det viktig å nytte naturleg vegetasjon frå staden (torv) til dekking av deponi, grøfter, vegskråningar og riggområde, etter at anlegget er fullført.

Automatisk freda kulturminne.

Tiltakshavar si undersøkingsplikt, jf §§ 9 og 10 i Lov om kulturminne, er ikkje oppfylt. Det er dermed ikkje klart i kva grad automatisk freda kulturminne (tidlegare fornminne) blir direkte eller indirekte råka av tiltaka i søknaden. § 9 undersøking må gjennomførast. Registreringa må gjerast på snø- og telefri mark. Tiltakshavar er ansvarleg for å ta skriftleg kontakt med Kulturavdelinga i fylkeskommunen i god tid før registreringa skal gjennomførast. Det må bereknast tilstrekkeleg tid til etterfølgjande sakshandsaming, eventuelt utgraving før utbyggingstiltak i området kan i verksetjast. Krav om undersøking i tråd med kulturminnelova § 9 skal settast som konsesjonsvilkår.

Vurdering og konklusjon.

Fylkesrådmannen vurderer at tiltaket vil innebere små ulemper i høve til kulturminne, landskap og brukarinteresser, og vil rå til at det vert gitt løyve. Krav om undersøking i tråd med kulturminnelova § 9 skal settast som konsesjonsvilkår.